

Julekomle og festmåltid, kakekafè og familejulebord.

20.11.2017



Gode tilbod på Oska denne veka.

Denne veka er det mange muligheter for å få seg ein smak av alt det gode som vert servert på restaurangen Oska på Sandakaien. Her er noko både for dei som ønskjer julemat, og for dei som synest det blir rikeleg nok av det som er ribbe og pinnekjøt. Lørdeg kveld byr nemleg restauranten på festmåltid dedikert til dei som er glad i sjømat.



Det er godt forståleg at kakekaféen på laurdagane er i ferd med å bli svært populær. Spel og aviser er det også.

Sidan det nærmar seg jul, vert det også pinnekjøt på komlebuffèten i tillegg til knokekjøt, korv, kålrotstappe og bacon. Desse førjulsmiddagane var svært populære i fjor, og som vanleg opnar dørene kl.15 på komletorsdagane.

Laurdag startar dei opp kl.12 med kakekafè. Carolines kakehørne er planlagt siste laurdagen i kvar månad, og vanlegvis er det den flinke servitøren Caroline Wergeland som står for bakinga. For tida er ho travelt opptatt med eksamen så denne gongen får ho god hjelp av sjefen sjølv, Roy Lervåg. For ein månad sidan var det godt med folk og svært koseleg på kakekaféen. Vi håpar dette held fram, for dette kan verta ein svært triveleg møteplass på laurdagane her i bygda. Vi nemner også at ein annan servitør, Helene Jørgensen, no prydar veggene i lokalet med den flott bildeutstillinga si.

Laurdagskvelden er det heilaften med eit skikkeleg festmåltid. Dei som var på tilsvarende arrangement sist månad kom med heilt overstrøymande karakteristikkar over kor flott og godt måltidet var. I desse pinnekjøt- og ribbetider vender no SmakifråOska seg mot dei som likar sjømat. Det startar med munntygg før det vert kveite grava med Witt øl, agurk, kefirolje og krutongar. Deretter vert det potetkaker med andekonfit og sprøtt skinn. Bouillabaisse (tomatisert fisk- og skalldyrsgryte) med assortert fisk, sjøkreps, snøkrabbe og blåskjel vert så servert med ris, brød og salat. Etter dette er det jammen på høg tid med dessert, og der får gjestene servert

fruktcrumble med vanilje is. Med tryllekunstnaren i kokkefaget, Roy Lervåg, på kjøkken må dette bli eit måltid 'ein lever på' lenge!

Helga på Oska vert avslutta med familiejulebord på søndag frå kl.15. Her vert det både pinnekjøt og ribbe og alt av godt tilbehør som høyrer med. Til dei minste vert det også ein liten overraskelse.

Her er mange gode og smakfulle muligheter. Til heilaften og familiejulebord må det bestillast på 91864091 eller rokokk@gmail.com.



FAMILIEJULEBORD PÅ ØSKA 26.11.

SØNDAGSMIDDAG

Denne uken serverer vi
pinnekjøtt og ribbe med alt som
hører til.

Desserten er inkludert

En liten overraskelse til barna

Vi åpner klokken 15.00

Husk å bestille bord til 91864091

Det er julebordtider.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og Roy Lervåg